

Hei

Dette brevet er vorte skrivi av styret og leiar for Austrheim ungdomsklubb, for at kommunestyret skal få ein liten påminning om kor viktig jobben som vert gjort med ungdommane i kommunen vår er. Vi veit at det er tøffe tider økonomisk i kommunen, men håper at de tenkjer deke om fleire gonger før det eventuelt vert gjort kutt i stillingane på ungdomsklubben.

Austrheim ungdomsklubb har vore kommunalt drifta i over 20 år. Klubben har med stabile vaksne, bygd seg opp til å verte ein god møteplass for unge i Austrheim. Rus og kriminaliteten i Austrheim har gått kraftig ned, i takt med at drifta i klubben har vore vellykka. Det vert og sagt at hververk som før vart gjort rundt om, er nesten vekke. Austrheim ungdomsklubb har i alle år vore ei god investering i framtida for Austrheim kommune, og vil vere det i lang tid framover.

Austrheim ungdomsklubb er eit lavterskeltilbud. Ein plass der ein kan komme innom å berre vere. Ungdommane sjølv er med på å bestemme innhaldet i klubbkveldane, der dei kan gjere på alt fra tegne, male, danse, bake, spele, osv eller bare vere der med vener, eller snakke med ein av dei som jobber der. Klubben har eit styre, der det set ungdommer og vaksne.

Ungdommane er og sjølv med å jobber på både klubbkvelder og arrangement, dette gjer at ungdommene lærer å ta i et tak, og dei lærer seg å samarbeide, og dei lærer god dugnadsånd.

Austrheim ungdomsklubb arrangerer førstehjelpskurs for dei som er med å jobber på kaien og under havglede.

Vi har "utveksling" med Ytre Arna to gonger i året, då besøker klubbane kvarandre, og ser litt kva dei andre driv med. Midlar til dette søker vi gjennom ungdom og fritid og frifond.

Ungdommane sjølv seier dette om klubben:

- møtestad for ungdommer
- kjekt å samarbeide med andre ungdommsklubber, ungdommer og skape sitt eige nettverk
- ha ein plass å vere
- ungdommar frå heile Nordhordland møtes og blir kjent
- få info om UKM
- gode arrangementer som gjer at ungdommene er sosial
- open hall som gjer at ungdommane heldt seg aktiv
- arrangement på mastrevik kai som heldt oss aktiv, og vi får gode forhold til sjøaktivitet.
- Vi har ein plass å vere utan foreldre, men vaksne vi stoler på og kan snakke med
- Godt miljø, alle får vere med
- Om vi ikkje får være her, ender pengane som blir spart med å måtte brukes til vedlikehald av stader som vert gjort hververk på

- Arrangement gjer at ungdommane bruker tid på dette i standen for ev. Heimefester osv.
- Dei vaksne tenker alltid på korleis dei kan få oss med
- Alltid hjelp å få, vaksne som bryr seg om oss, og vil hjelpe oss. Lettare å sei frå til nokon ein ikkje ser kvar dag (foreldre)
- Driver ikkje dank
- Bli kjent med nye folk
- Dei vaksne blir bedre kjent med ungdommane og lærer språket vårt
- Noko å sjå fram til i kvardagen til ungdommane
- Ungdommane set ikkje inne å spler, men er sosial med andre
- Oppleve nye ting
- Vi får vere med å bestemme, får ansvar, og blir stolt på
- Vi får jobberfaring, med å vere med å jobbe på klubben
- Vi får attest om vi har jobba , og referanser til vidare jobb
- Samarbeid
- Lærer oss service med kunder
- Jobber med eldre ungdommer, og vaksne som deler sin erfaring med oss
- Godt forhold til sjø og vatn, vert trygg på kystkulturen
- Vi jobber dugnad, og er ein del av eit felleskap og eit mål
- Det er aktiviteter for alle
- Gode veiar for framtida gjennom klubben
- Vi arrangerer julgelparty for dei som er yngre enn oss
- Vi får tatt førstehjelpskurs og livredning på sjø
- Vi får besøk av Ytre Arna fritidsklubb, og får reise på gjenbesøk der, og får gjere heilt andre ting enn vi har her
- Alltid noko å finne på

Mvh

Styret Austheim Ungdomsklubb og leiar Heidi Pedersen Sylta